



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1958 - 14/25071

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

01.10.2014

Referat frå møte i FAU 30.09.14

Desse møtte: Inger Hilde Fykse, Erik J. Nilsen, Ruth-Inger Andersen

Forfall: Malin Kjenes

Ikkje møtt: Hege M. Thorkildsen, Malin Møvik, Heidi Dyrkolbotn

Sak 11 / 2014 - 15: Godkjenning av referat, innkalling, sakliste.

Vedtak: Godkjend

Sak 12 / 2014 - 15: Julefrukost

FAU drøfta tiltaket og ber klassekontaktane skaffe to foreldre frå kvar klasse.

Vedtak: Kwart FAU medlem skaffar to til å jobbe med saka. Inger Hilde handlar inn. Erik tek ansvar for å rydde til torsdagskvelden.

Sak 13 / 2014 - 15: Skulejubileet

Skulen er 50 år og det vert markert 6. november.

FAU hjelper til med å ta seg av å bake kaker / bollar til markeringa. Desse vil bli selde saman med kaffi etc på markeringa om kvelden 6. november. FAU fordeler arbeidet mellom foreldra i klassane. Alle i FAU gir tilbakemelding om kven som baker kva til Inger Hilde.

Erik lager mat til elevane som er att på skulen etter vanleg skuletid. Nærmare om dette i dialog med Erik etter kvart.

Skulen står for program på dagen, om ettermiddagen og om kvelden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



FAU står for eit lotteri på kvelden. Info på førehand.
Kvar elev sin loddbok - små gule. FAU samlar inn gevinstar.
Vedtak: FAU organiserer og jobbar fram sin del av prosjektet.

Sak 14 / 2014 - 15: Temakvelden i februar

Inger Hilde hadde sjekka om Marco El Safadi kunne ta eit foredrag for foreldra om eit relevant tema. Elevane kan få eit foredrag om ettermiddagen før dei går frå skulen og foreldra om kvelden mens elevane er på MOT i kyrkjekjellaren.

Vedtak: Inger Hilde jobbar vidare med Marco med sikte på å få avtale om ein temakveld.

Sak 15 / 2014 - 15: Diverse meldingar

- a) Skulen skaffar mailliste til FAU-medlemmene
- b) Skulen sender ut informasjon om HAB. Prisen pr. elevdagsverk (300) er greitt.
- c) Foreldreundersøkinga vert arrangert samstundes med samtalemøta i veke 43/44. Det er viktig for skulen å få ei anonym tilbakemelding frå foreldra om skulen er på rett veg - etter dykkar oppfatning.
- d) Raud ungdom held - tradisjonen tru - eit oppgjer med skulen sin tradisjon om å gi lekser. Denne aksjonen har vore arrangert sidan 2010 og leksestreik-markeringa er sett til 17.oktober. Skulen har ingen intensjon om å informere elevane om aksjonen og ber foreldra om å late det vere i solidaritet med skulen.

Ostereidet, 01.1014

Malin Møvik

Arne Riisnes, ref

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer i FAU